

Eksamen

Eksamensdato: 16.11.2016

Fagkode: HEA2001

Fagnavn: Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir vurderte i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• planlegge og grunngi korleis ein set saman kosthaldet for ulike brukarar ut frå allmenntilstand, funksjonsnivå, alder og behov, og i tråd med norske anbefalingar om ernæring• gjere greie for og demonstrere grunnleggande sjukepleie• gjere greie for dei vanlegaste teikna og symptoma på sjukdomar og skadar og kjenne att sjukdomsforverring• forklare kva kvar dagsmeistring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempel på førebyggjande og helsefremmande tiltak• vurdere behovet for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som bidrar til sjølvstende og som held oppe funksjonar i dagleglivet <p>I tillegg blir det lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i val av løysingar• viser ferdigheiter i problemløysing• har fokus på brukaren• ser helse i eit heilskapleg perspektiv

Situasjonsskildring:

Johanne Ask er 79 år, enke og har 3 voksne barn og fleire barnebarn som bur eit stykke unna. Ho har nettopp flytta inn i eit bufellesskap som er knytt til eldresenteret i byen. Johanne har vore yrkesaktiv heile livet og levd eit sosialt liv med ektefelle, barn og mange nære vener. Ho har vore glad i å lage mat, og heimen hennar har vore eit samlingspunkt for vener og familie.

Johanne er 160 cm høg og veg 48 kilo. For 20 år sidan fekk ho diagnosen revmatoid artritt. Ho har stadig blitt stivare i ledda sine og blir plaga av ein del smerter. Dei siste 5 åra har ho vore avhengig av rullestol for å komme seg rundt. Ho søv lite om natta, og har problem med å snu seg i senga utan hjelp. Ho treng hjelp til toalettbesøk om natta. Johanne har gått ein del ned i vekt og saknar å lage sin eigen mat. Det kan òg vere ei utfordring å få i seg maten utan hjelp.

Ho opplever at dagane i leilegheita blir lange og einsformige, og synest det er masete å ta del i aktivitetane på senteret fordi ho er avhengig av mykje hjelp frå andre. Ho sovnar ofte i rullestolen, og blir stiv i kroppen i tillegg til smerter på setet.

Johanne får hjelp frå heimetenesta til personleg hygiene morgon og kveld. I tillegg får ho middag levert frå eldresenteret dagleg. Pleiarane lagar frukost til ho kvar morgon. Formiddagsmaten blir smurt ferdig og sett i kjøleskapet. Ho er glad i mat som smaker og er spesielt glad i ein liten dessert etter middagen.

Svar på desse oppgåvene ut frå situasjonsskildringa og kompetansemåla i oppgåva

Oppgåve 1

Gjer greie for kva for nokre sjukepleietiltak du vurderer å utføre for Johanne.

Oppgåve 2

Vurder kva for nokre hjelpemiddel og velferdsteknologi Johanne kan ha nytte av for økt kvardagsmeistring.

Oppgåve 3

Forklar kva rehabilitering inneber for Johanne.

Oppgåve 4

Planlegg og foreslå kva for nokre kosthaldsendringar du vil foreslå for Johanne.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato på oppgavebesvarelsen.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• planlegge og begrunne sammensetningen av kostholdet for ulike brukere ut fra allmenntilstand, funksjonsnivå, alder og behov, og i tråd med norske anbefalinger om ernæring• gjøre rede for og demonstrere grunnleggende sykepleie• gjøre rede for de vanligste tegn og symptomer på sykdommer og skader og gjenkjenne sykdomsforverring• forklare hva hverdagsmestring, habilitering og rehabilitering er, og gi eksempler på forebyggende og helsefremmende tiltak• vurdere behovet for ulike hjelpemidler og velferdsteknologi som bidrar til selvstendighet og som opprettholder funksjoner i dagliglivet <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser helse i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

Johanne Ask er 79 år, enke og har 3 voksne barn og flere barnebarn som bor et stykke unna. Hun har nettopp flyttet inn i et bofellesskap som er tilknyttet byens eldresenter. Johanne har vært yrkesaktiv hele livet og levd et sosialt liv med ektefelle, barn og mange nære venner. Hun har vært glad i å lage mat, og hjemmet hennes har vært et samlingspunkt for venner og familie.

Johanne er 160 cm høy og veier 48 kilo. For 20 år siden fikk hun diagnosen revmatoid artritt. Hun har stadig blitt stivere i leddene sine og plages med en del smerter. De siste 5 årene har hun vært avhengig av rullestol for å komme seg rundt. Hun sover lite om natten, og har problemer med å snu seg i sengen uten hjelp. Hun trenger hjelp til toalettbesøk på natten. Johanne har gått en del ned i vekt og savner å lage sin egen mat. Det kan også være en utfordring å få i seg maten uten hjelp.

Hun opplever at dagene i leiligheten blir lange og ensformige, og synes det er masete å delta i senterets aktiviteter fordi hun er avhengig av mye hjelp fra andre. Hun sovner ofte i rullestolen, og blir stiv i kroppen i tillegg til smerter på setet.

Johanne får hjelp fra hjemmetjenesten til personlig hygiene morgen og kveld. I tillegg får hun middag levert fra eldresenteret daglig. Pleierne lager frokost til henne hver morgen. Formiddagsmaten smøres ferdig og settes i kjøleskapet. Hun er glad i mat som smaker og er spesielt glad i en liten dessert etter middagen.

Svar på disse oppgavene ut fra situasjonsbeskrivelsen og kompetansemålene i oppgaven

Oppgave 1

Gjør rede for hvilke sykepleietiltak du vurderer å utføre i forhold til Johanne.

Oppgave 2

Vurder hvilke hjelpemidler og velferdsteknologi Johanne kan ha nytte av for økt hverdagsmestring.

Oppgave 3

Forklar hva rehabilitering innebærer for Johanne.

Oppgave 4

Planlegg og foreslå hvilke kostholdsendringer du vil foreslå for Johanne.



www.vigoiks.no/eksamen